

Til Meland kommune

REVISORS BERETNING VEDRØRANDE KOMPENSASJONSOPPGÅVE FOR MEIRVERDIAVGIFT

Vi har revidert Meland kommune si kompensasjonsoppgåve for 3. termin 2015, som viser eit samla krav på kompensasjon for meirverdiavgift på kr 1 380 355. Oppgåva er utarbeidd av leiinga på bakgrunn av lov om kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar mv og tilhøyrande forskrift.

Leiingas ansvar for oppstillinga

Leiinga er ansvarleg for utarbeiding av kompensasjonsoppgåva i samsvar med lov om kompensasjon for merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. og tilhørande forskrift. Leiinga er og ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn nødvendig for å gjere mogleg utarbeiding av ei oppgåve som ikkje inneheldt vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om kompensasjonsoppgåva på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med god revisjonsskikk i Norge og under denne, internasjonale revisjonsstandardar. Desse standardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og utfører revisjonen for å oppnå tryggjande sikkerheit for at oppstillinga ikkje inneheldt vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber å utføre handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Dei valte handlingane er avhengig av revisors skjønn og under dette, vurdering av risiko for at kompensasjonsoppgåva inneheldt vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast mislegald eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for einingas utarbeiding av kompensasjonsoppgåva med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessig ut frå omstende, men ikkje for å gje uttrykk for ei vurdering av effektiviteten i eininga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er Meland kommune omfatta av kompensasjonsordninga, og det oppgitte beløp gir rett til kompensasjon i samsvar med lov om kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar mv. og tilhøyrande forskrift.

Avgrensa distribusjon

Denne revisjonsmeldinga er utarbeidd for å hjelpe einingar med kompensasjonsrett med å oppfylle krava i forskrifta og er ikkje eigna til andre føremål. Vår revisjonsmelding er berre berekna på Meland kommune og Skatteetaten og skal ikkje distribuerast til andre partar.

Isdalstø, 28.08.2015

NORDHORDLAND REVISJON IKS

Reidar Bjørsvik
Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef